



ÅLESUND KOMMUNE

RÅDMANNEN

John Bjarne Jordal og Dag Holtan

Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Ålesund



Adresse/telefon til forfattarane:

John Bjarne Jordal
6610 Øksendal
Telefon 71 69 54 45

Dag Holtan
Lerstadveien 271
6014 Ålesund
Telefon 70 15 58 13

Rapporten kan tingast frå:

Ålesund kommune
Rådhuset
Keiser Wilhelms gt. 11
6025 Ålesund
Telefon 70 12 19 19

Referanse:

John Bjarne Jordal og Dag Holtan, 1999: Biologiske undersøkingar i kulturlandskap i Ålesund. Ålesund kommune, rapport. 30 s.

Framsidedfoto:

Raudeberget på Torla var ein av dei artsrike lokalitetane som vart funne under registreringsarbeidet. Her fanst mange artar av planter og sopp knytt til naturbeitemarker. I tillegg fanst den sjeldne brunburkna her, på same staden som botanikaren Bjørlykke fann henne for bortimot 70 år sidan. Foto: Dag Holtan

FØREORD

Ålesund har de siste årene vært begunstiget med frivillige fagfolk som i stor grad på eget initiativ har kartlagt biologisk mangfold i skogsområdene i Ålesund. Arbeidet de har gjort har kommet godt med også for kommunen, og vi erkjenner et stadig økende behov for mer kunnskap om naturressursene våre. På denne bakgrunn søkte vi fylkesmannen om midler til å fortsette kartleggingsarbeidet og denne gang med hovedfokus på biologisk mangfold på kulturbetinget mark. Et slikt tilskudd fikk vi og arbeidet kunne starte.

Kulturlandskapet valgte vi fordi dette er en naturtype i sterk tilbakegang i Ålesund. Mange bruk har gitt opp gårdsdriften og kulturlandskapet gror ofte igjen eller det blir søkt omdisponert til byggeformål. I slike omdisponeringsaker trenger vi kunnskap om arealene det er spørsmål om for å møte utfordringen med endret bruk. En annen utfordring med kulturmarken er at den krever fortsatt bruk for å opprettholde sitt artsmangfold. Men også her må det ligge i bunnen kunnskap om de arter som skal forvaltes. Vi håper på en konstruktiv dialog videre om hvordan områdene best kan forvaltes.

Med denne rapporten er vi i Ålesund kommune kommet ennå et steg lengre i vår kunnskap om det biologiske mangfoldet vi er satt til å forvalte. Selv om vi synes vi nå er kommet langt er det viktig å vite at ny kunnskap stadig kan komme til, nye funn kan gjøres og økt bevissthet om arters utbredelse kan endre de synspunkt vi har i dag. Kartlegging av biologisk mangfold er ikke et engangsarbeid, men bør være en kontinuerlig prosess mot bedre viten.

Ålesund kommune vil rette takk til forfatterne som har levert en god faglig rapport om artsmangfoldet i kulturlandskapet i kommunen vår. Uten tilskudd fra fylkesmannen ville heller ikke dette vært mulig, og vi er glade for at dette også prioriteres fra statlig hold.

Ålesund 28.10.99

Synnøve Lunde
miljøvernrådgiver

INNHALD

FØREORD

3

INNHALD

4

SAMANDRAG

6

INNLEIING

7

MATERIALE OG METODAR

8

Utval av lokalitetar, forarbeid.....	8
Feltarbeid.....	8
Namnsetting av artar, dokumentasjon.....	8
Områdeskildring.....	8
Verdsetting.....	8

RESULTATOVERSIKT

12

Generelt.....	12
Generelle lokalitetsdata.....	12
Biologiske data.....	13
Lokalitetsoversikt med tal planteartar, soppartar, raudlisteartar og verdi.....	13
Funn av raudlisteartar.....	15
Ansvarsartar funne på kulturmark i Ålesund.....	16
Nokre kommentarar til soppartar.....	17

OMTALE AV PRIORITERTE LOKALITETAR

19

Emblem: Ystebøen.....	19
Ratvikvatnet.....	20
Emblem.....	20
Litlekalvøya: Plassen, Rema, Tua m. m.....	21
Magerholm: Akselhaugen.....	22
Vanberg.....	22
Tørle: Raudberget.....	22

OMTALE AV ANDRE LOKALITETAR

24

Borgund kyrkje.....	24
Eikenosa.....	24
Ellingsøya: Strømsvik.....	25
Ellingsøya: Myklebost.....	25

Ellingsøya: Taftasund.....	25
Ellingsøyfjorden: Vikholmen.....	25
Ellingsøyfjorden: Langøya.....	26
Emblemssanden.....	26
Flisnes.....	26
Gåseidnes.....	26
Reiakvam.....	27
Tørle: Gruen.....	27
Tørle: Hanken I.....	27
Tørle: Hanken II.....	28
Vasstrandgarden.....	28
Vestre Flisneset.....	28
LITTERATUR	
.....	
29	
VEDLEGG 1 - PLANTELISTER	
.....	
30	
VEDLEGG 2 - SOPPLISTER	
.....	
32	

SAMANDRAG

I samband med den nasjonale satsinga på registrering av biologisk mangfald i kommunane er 25 lokalitetar av gammal kulturmark i Ålesund kommune undersøkt med omsyn på vegetasjon, flora og soppflora.

Undersøkinga er konsentrert omkring *naturbeitemarkar* og gamle *slåtteeingar*, som i jordbrukslandskapet har vist seg å vera mest interessant med omsyn på biologisk mangfald. Dette er gamle kulturmarkstypar som har få inngrep ut over beiting eller slått, i motsetnad til kulturbeite og kultureng der ein gjødslar og pløyer som ein del av drifta. Naturbeitemarkar og naturengar har ei rekkje spesielle artar av planter og sopp. *Grasmarkssopp* er soppartar som på ulikt vis er knytt til grasmarkar, for det meste som nedbrytarar av organisk materiale. *Beitemarkssopp* er grasmarkssopp som tåler lite gjødsling og lite attgroing, og som derfor er sterkt knytt til naturbeitemarkar og naturengar. Av rundt 141 slike artar som er kjent frå Norge, er til no 102 artar funne i Møre og Romsdal og 52 i Ålesund. Ein beitemarkssoppart ny for Norge vart funne i Ålesund i 1999, dessutan ein art som er kjent berre frå eit par funn tidlegare. Begge funna vart gjort på Litlekalvøya. *Engplanter* er planter som er knytt til engsamfunn, dvs. gras- og urterike plantesamfunn i ope lende utan eller med liten tresetting, og dermed mykje lysinnstråling. *Naturengplanter* er engplanter som toler lite gjødsling og lite attgroing, og liknar slik sett på beitemarkssoppene.

Vegetasjonstypar og forekomst av beitemarkssopp og naturengplanter (artstal og artsutval) er brukt til å verdsetta lokalitetane. To lokalitetar skilte seg ut med nasjonal verdi (kategori svært viktig i DN-handboka): Ystebøen på Emblem og ei gammal slåtteeing ved Ratvikvatnet. 5 andre er gjeve regional verdi (kategori viktig i DN-handboka). Desse var: Litlekalvøya (Rema, Tua, Plassen), Vanberg, Emblem, Raudberget (Tørla) og Akselhaugen (Magerholm). Desse lokalitetane inneheld til saman eit godt utval artar og vegetasjonstypar som dels er sjeldne og i tilbakegang, og som i stor grad ikkje finn livsrom elles i landskapet. 11 lokalitetar er plasserte i kategori lokal verdi, og 5 har truleg liten verdi. Dei to siste kategoriane kan få større verdi om dei blir restaurerte.

Skjøtsel av artsrike kulturlandskap har heilt til dei siste åra vore ei sak for den einskilde grunneigar/brukar. Artsrike naturbeitemarkar og gamle ugjødsle slåtteeingar går no raskt ut av bruk dersom ikkje det offentlege grip inn i sterkare grad. Årsaka til dette er den generelle utviklinga i landbruket, der arbeidsintensive driftsmetodar og lågproduktive areal etter kvart har liten plass. Det er ei utfordring for kommunen i samarbeid med grunneigarar/brukarar å koma fram til måtar å ta vare på desse artsrike kulturmarkstypene. Både kommunen og Fylkesmannen bør kunne bidra økonomisk for at eit elles lite lønsamt arbeid kan halda fram. I eit tettfolka område som Ålesund bør og kunnskapen om det tradisjonelle kulturlandskapet og innsatsen for å ta vare på det spreiaast til ålmenta og skular ved ulike informasjonstiltak.

INNLEIING

Formålet med denne undersøkinga er å skaffa meir biologisk kunnskap om verdifulle kulturlandskap i Ålesund kommune i samband med den nasjonale satsinga på registrering av biologisk mangfald i kommunane. Det er også viktig å peike på faktorar og tiltak som er naudsynte for å bevare kvalitetane i desse områda.

Registreringane i Ålesund kjem etter omfattande registreringar av gammal kulturmark elles i fylket i perioden 1992-98, der over 400 lokalitetar er oppsøkt og undersøkt (jfr. Jordal & Gaarder 1999). Det er stort sett same metode som er brukt over heile fylket. Dette gjer det lett å setta lokalitetane i Ålesund inn i eit større perspektiv både når det gjeld vegetasjon, artsutval og driftshistorie.

Nokre begrep:

Naturbeitemarkar og *naturenger* er gamle kulturmarkstypar som har få inngrep ut over beiting eller slått, i motsetnad til kulturbeite og kultureng der ein gjødslar og pløyer som ein del av drifta. Naturbeitemarkar og naturenger har ei rekkje spesielle artar av planter og sopp.

Grasmarkssopp er soppartar som på ulikt vis er knytt til grasmarkar, for det meste som nedbrytarar av organisk materiale. *Beitemarkssopp* er grasmarkssopp som tåler lite gjødsling og lite attgroing, og som derfor er sterkt knytt til naturbeitemarkar og naturenger. Av rundt 141 slike artar som er kjent frå Norge, er til no 102 artar funne i Møre og Romsdal. Ein art ny for Norge vart funne i Ålesund i 1999, dessutan ein art som er kjent berre frå eit par funn tidlegare.

Engplanter er planter som er knytt til engsamfunn, dvs. gras- og urterike plantesamfunn i ope lende utan eller med liten tresetting, og dermed mykje lysinnstråling. *Naturengplanter* er engplanter som toler lite gjødsling og lite attgroing. I fylket vårt har vi tidlegare definert 79 planteartar som naturengplanter (Jordal & Gaarder 1995).

MATERIALE OG METODAR

Utval av lokalitetar, forarbeid

Utvalet av lokalitetar er gjort av Dag Holtan i samråd med kommunen.

Feltarbeid

Feltarbeidet er utført dels av John Bjarne Jordal og Dag Holtan i fellesskap, dels av Dag Holtan åleine. Det er i 1999 undersøkt 25 lokalitetar i Ålesund. 2 av lokalitetane (Ratvikvatnet og Akselhaugen på Magerholm) er også undersøkt i 1998, av Dag Holtan og Geir Gaarder. På lokalitetane er det notert hovudtrekk ved vegetasjonstypar, noverande bruk og tilstand (hevd/attgroing), husdyrslag m.m. Det er leita etter beitemarkssopp, og tatt plantelister.

Namnsetting av artar, dokumentasjon

Namnsetting av planter følgjer Elven m. fl. (1994). Namnsetting av fagervokssopp (*Hygrocybe*) følgjer Boertmann (1995). Raudskivesopp er bestemt ved hjelp av Noordeloos (1992, 1994). Alle andre soppartar er bestemt ved hjelp av Hansen & Knudsen (1992, 1997). Norske namn på sopp følgjer Gulden m. fl. (1996). Sopp er i hovudsak bestemt av John Bjarne Jordal. Sjeldne eller interessante soppartar og karplanter er tekne vare på i tørka tilstand, og blir sendt til Botanisk Museum i Oslo.

Områdeskildring

Måten dette er gjort på er beskreve av Jordal & Gaarder (1997). Den føreliggjande rapporten inneheld alle opplysningar som er tilrådd i DN-handboka. Bygningar og andre kulturspor er nemnt berre av og til. Vegetasjonen er klassifisert som beskrive av Fremstad (1997), med ein del egne justeringar og forklaringar. Lokalitetane er innteikna på økonomisk kart i målestokk 1:20000 som er overlevert kommunen.

Verdsetting

Det viktigaste som er vektlagt er utvalet av vegetasjonstypar, naturengplanter og beitemarkssopp. Her viser vi til Jordal & Gaarder (1997) og Jordal (1997). Blant beitemarkssoppene er særleg utvalet av vokssoppartar vektlagt. Elles er alle beitemarkssoppar gjeve eit poengtal for utrekning av ein indeks: artspoeng for beitemarkssopp (jfr. figur 1). Utvalet av raudlisteartar inngår i denne indeksen. Verdsettingsmetoden samsvarar med tilrådingane i DN-handboka, og har dels vore underlagsmateriale for denne. Metode for utsortering av lokalitetar med nasjonal verdi (svært viktig i DN-handboka) går også fram av figur 1. I tillegg til plasseringa på denne figuren må ein vurdera kunnskapsgrunnlaget (er lokaliteten godt nok undersøkt?), storleiken, vegetasjonstypar, førekomst av sjeldne eller truga artar m.m.

Nedanfor følgjer ei oppdatert oversikt over artar kjent frå Ålesund som blir rekna som naturengplanter (tabell 1), og deretter kva artar som blir rekna som beitemarkssopp (tabell 2), med raudlistestatus og poengverdi for verdsetting av lokalitetar.

Tabell 1. Liste over planteartar (154 artar) som vart funne på kulturmark i Ålesund. Artar med 1-tal bakom blir rekna som naturengplanter og er særleg knytt til gammal kulturmark som ikkje blir pløgd eller gjødsla (sjå innleiinga).

amerikamjølke	0	følblom	0	kvitkløver	0	skogsalat	0
ask	0	gaukesyre	0	kvitmaure	1	skogsnelle	0
aurikkelsvæve	1	geitsvingel	1	kvitsymre	0	skogstjerne	0
bjønnekam	0	gjeldkarve	1	kystbergknapp	0	skogstorkenebb	0
bjønnskjegg	0	gjerdevikke	0	kystgrisøyre	1	skrubbær	0
bjørk	0	gran	0	kystmaure	1	skvallerkål	0
bleikstorr	0	grasstjerneblom	0	kystmyrklegg	0	sløkje	0
blokkebær	0	groblad	0	linbendel	0	slåttestorr	0
blåbær	0	grøftesoleie	0	lyssiv	0	smalkjempe	1
blåklukke	1	grønstorr	0	lækjeveronika	1	smyle	0
blåknapp	0	gråor	0	løvetann	0	småmarimjelle	0
blåkoll	0	gråstorr	0	mannasøtgras	0	småsyre	0
blåtopp	0	gulaks	1	marikåpe	0	snauveronika	0
breiflangre	0	gullris	0	markfrytle	1	soleihov	0
bringebær	0	gulskolm	0	markjordbær	0	spisslønn	0
brunburkne	0	hanekam	0	mjødurt	0	stjernestorr	0
brunrot	0	harerug	1	morell	0	storblåfjør	1
bråtestorr	1	harestorr	0	myrfiol	0	storfrytle	0
bustnype	0	hassel	0	myrtistel	0	stormaure	0
dikesvineblom	0	hegg	0	nyseryllik	0	stornesle	0
duskull	0	heiblåfjør	1	ormetelg	0	strandkjeks	0
einer	0	heisiv	1	osp	0	strandrøyr	0
einstape	0	hundegras	0	platanlønn	0	svarthyll	0
engfiol	1	hundekjeks	0	prestekrage	1	svartor	0
engfrytle	1	høsegras	0	prydfredlaus	0	sølvbunke	0
enghumleblom	0	høymole	0	raud jonsokblom	0	tepperot	1
engkarse	0	hårfrytle	0	raudkløver	0	timotei	0
engkvein	0	hårsvæve	1	raudknapp	0	tiriltunge	1
englodnegras	0	jonsokkoll	1	raudsvingel	0	trådsiv	0
engrapp	0	jordnøtt	1	reinfann	0	tusenfryd	0
engsoleie	0	karve	0	revebjølle	0	tviskjeggveronika	0
engsvingel	0	kjøttnype	0	rogn	0	tytebær	0
engsyre	0	kløkkelyng	0	rognasal	0	vanleg arve	0
fagerperikum	0	knappsiv	0	ryllik	0	vendelrot	0
finnskjegg	1	knegras	1	røsslyng	0	vill-lin	1
firkantperikum	0	kornstorr	1	sanikel	0	vivendel	0
fjellmarikåpe	0	krattlodnegras	0	selje	0	vårmarihand	0
flaskestorr	0	krattmjølke	0	sisselrot	0	øyrevier	0
fuglereir	0	kreking	0	sitkagran	0	åkersnelle	0
fuglevikke	0	krypssoleie	0	skjermsvæve	0	åkersvineblom	0
furu	0	kvitbladtistel	0	skogburkne	0		

Tabell 2. Liste over grasmarkssopp funne i Ålesund (80 artar) med latinsk og norsk namn, arts-poeng og raudlistestatus som grunnlag for verdsetting av lokalitetar. Alle artar med 1-8 poeng kallast beitemarkssopp (sjå innleiinga), og er nokså spesialisert til naturbeitemarker. Artar med 0 poeng reknast ikkje som beitemarkssopp. Lista følgjer Jordal (1997) og Bendiksen m. fl. (1998). *Hygrocybe calyptriformis* er ny for Norge, og er gjeve 4 poeng og førebels status V=sårbar. *Entoloma melanochroum* er ein lite kjent art som førebels er gjeve 2 poeng, men ikkje raudlistestatus.

Forklaring på raudlistekategoriar:

E - direkte truga (akutt utryddingstruga)(endangered), V - sårbar (vulnerable), R - sjeldan (rare), DC - hensynskrevande (conservation demanding)

Latinsk namn	Norsk namn	Arts-poeng	Kategori
<i>Bolbitius vitellinus</i>	halmsopp	0	
<i>Clavaria falcata</i>	kvit køllesopp	2	
<i>Clavaria flavipes</i>	halmgul køllesopp	8	V
<i>Clavulinopsis helvola</i>	gul småkøllesopp	1	
<i>Clavulinopsis luteoalba</i>	bleiktuppa småkøllesopp	1	
<i>Clavulinopsis laeticolor</i>	raudgul småkøllesopp	2	
<i>Coprinus sp.</i>	blekksopp-art	0	
<i>Cordyceps entomorrhiza</i>	grå åmeklubbe	0	DC
<i>Cordyceps militaris</i>	raud åmeklubbe	0	
<i>Cystoderma amianthinum</i>	okergul grynhatt	0	
<i>Cystoderma granulosum</i>	raudbrun grynhatt	0	
<i>Entoloma asprellum</i>	blåstilka raudskivesopp	1	
<i>Entoloma conferendum</i>	stjernespora raudskivesopp	0	
<i>Entoloma exile</i>		2	DC
<i>Entoloma formosum</i>	bronseraudskivesopp	2	R
<i>Entoloma griseocyaneum</i>	lillagrå raudskivesopp	2	DC
<i>Entoloma juncinum</i>	striperaudskivesopp	0	
<i>Entoloma melanochroum</i>		2	
<i>Entoloma poliopus</i>	tjøreraudskivesopp	1	
<i>Entoloma pratulense</i>		4	R
<i>Entoloma sericellum</i>	silkeraudskivesopp	1	
<i>Entoloma sericeum</i>	beiteraudskivesopp	1	
<i>Entoloma serrulatum</i>	mørktanna raudskivesopp	1	
<i>Entoloma turbidum</i>	sumpraudskivesopp	0	
<i>Entoloma versatile</i>		0	R
<i>Entoloma xanthochroum</i>		2	R
<i>Fayodia leucophylla</i>	vrang tussehatt	0	
<i>Galerina sp.</i>	ubestemt klokkehatt-art	0	
<i>Geoglossum fallax</i>	skjeljordtunge	2	DC
<i>Geoglossum glutinosum</i>	sleip jordtunge	2	DC
<i>Geoglossum starbaeckii</i>	vanleg jordtunge	2	
<i>Hemimycena delectabilis</i>	lutvranghette	0	
<i>Hygrocybe calyptriformis</i>	"rosavokssopp"	4	V?
<i>Hygrocybe cantharellus</i>	kantarellvokssopp	1	
<i>Hygrocybe ceracea</i>	skjörvokssopp	1	
<i>Hygrocybe chlorophana</i>	gul vokssopp	1	
<i>Hygrocybe coccinea</i>	mønjevokssopp	1	
<i>Hygrocybe conica</i>	kjeglevokssopp	1	
<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulvokssopp	2	DC

Tabell 2 forts.

Latinsk namn	Norsk namn	Artspoeng	Kategori
<i>Hygrocybe fornicata</i>	musserongvokssopp	4	DC
<i>Hygrocybe glutinipes</i>	limvokssopp	4	V
<i>Hygrocybe helobia</i>	brunfnokka vokssopp	1	
<i>Hygrocybe ingrata</i>	raudnande lutvokssopp	4	V
<i>Hygrocybe insipida</i>	liten vokssopp	2	
<i>Hygrocybe irrigata</i>	grå vokssopp	2	
<i>Hygrocybe lacmus</i>	skifervokssopp	2	DC
<i>Hygrocybe laeta</i>	seig vokssopp	1	
<i>Hygrocybe miniata</i>	liten mønjevokssopp	1	
<i>Hygrocybe nitrata</i>	lutvokssopp	2	
<i>Hygrocybe ovina</i>	sauevokssopp	8	E
<i>Hygrocybe persistens</i>	spissvokssopp	4	DC
<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>	svartdogga vokssopp	4	DC
<i>Hygrocybe pratensis</i>	engvokssopp	1	
<i>Hygrocybe pratensis var. pallida</i>	bleik engvokssopp	4	
<i>Hygrocybe psittacina</i>	grøn vokssopp	1	
<i>Hygrocybe punicea</i>	skarlagenvokssopp	2	
<i>Hygrocybe quieta</i>	raudskivevokssopp	2	DC
<i>Hygrocybe reidii</i>	honningvokssopp	1	
<i>Hygrocybe splendidissima</i>	raud honningvokssopp	8	V
<i>Hygrocybe virginea</i>	snøkvit vokssopp	1	
<i>Hygrocybe vitellina</i>	gul slimvokssopp	8	V
<i>Laccaria laccata</i>	vanleg lakssopp	0	
<i>Leotia lubrica</i>	slimmorkel	0	
<i>Mycena aetites</i>	gråhette	0	
<i>Mycena cinerella</i>	mjølhette	0	
<i>Mycena epipterygia</i>	flåhette	0	
<i>Mycena filopes</i>	stripehette	0	
<i>Mycena flavoalba</i>	elfenbeinshette	1	
<i>Mycena leptcephala</i>	lita luthette	0	
<i>Mycena olivaceomarginata</i>	brunkanthette	0	
<i>Mycena pura</i>	reddikhette	0	
<i>Panaeolus acuminatus</i>	slank flekkskivesopp	0	
<i>Panaeolus foenisecii</i>	slåttesopp	0	
<i>Porpoloma metapodium</i>	grå narremusserong	8	V
<i>Psilocybe inquilina</i>	grasfleinsopp	0	
<i>Psilocybe semilanceata</i>	spiss fleinsopp	0	
<i>Rickenella fibula</i>	gul nålehatt	0	
<i>Rickenella setipes</i>	fiolett nålehatt	0	
<i>Stropharia albocyanea</i>	bleikgrøn kragesopp	1	
<i>Stropharia semiglobata</i>	sitronkragesopp	0	
<i>Trichoglossum walteri</i>	vranglodnetunge	8	E

RESULTATOVERSIKT

Generelt

Innsamla biologiske rådata i form av artslistar for lokalitetane er presenterte i vedlegg attast i rapporten:

- Vedlegg 1 inneheld lister over plantefunn på kvar lokalitet, sortert alfabetisk på lokalitetsnamn
- Vedlegg 2 inneheld lister over soppfunn på kvar lokalitet, sortert alfabetisk på lokalitetsnamn

Ein del bearbeidde nøkkeldata som er viktige for verdsetting av lokalitetane er presenterte under avsnittet om biologiske data. Dette gjeld følgjande tabellar:

- Tabell 3 inneheld ei oversikt over ein del geografiske nøkkeldata for dei lokalitetane som er undersøkte: lalalitetsnamn, dato(ar) for besøk, kartblad (M711-serien, 1:50000), UTM-koordinatar (WGS84 for alle lokalitetar) og høgd over havet.
- Tabell 4 viser alle lokalitetane sorterte kommunevis med talet på plante- og soppantar, truga artar, og verdivurdering

Generelle lokalitetsdata

Tabell 3. Undersøkte lokalitetar i Ålesund med dato(ar) for besøk, kartblad (M711-serien, 1: 50 000), UTM-koordinatar for midtpunktet i lokaliteten og høgd over havet i meter(nøyaktigheit ± 10 m). Lokalitetane er innteikna på økonomisk kart i målestokk 1: 20000 som er overlevert kommunen.

Lokalitetsnamn	Datoar for besøk	Kartblad	UTM	Høgde
Borgund kyrkje	19.09.99, 30.09.99, 13.10.99	1219 IV Sykkylven	LQ 573 292	20
Eikenosa	25.09.99	1219 IV Sykkylven	LQ 668 260	200
Ellingsøya: Strømsvik	24.09.99	1220 III Brattvåg	LQ 577 330	10
Ellingsøya: Myklebost	24.09.99	1220 III Brattvåg	LQ 598 319	30
Ellingsøya: Taftasund	24.09.99	1220 III Brattvåg	LQ 691 343	20
Ellingsøyfj.: Vikholmen	25.09.99	1219 IV Sykkylven	LQ 623 313	5
Ellingsøyfjorden: Langøya	25.09.99	1219 IV Sykkylven	LQ 632 313	10
Emblem	17.09.99, 09.10.99	1219 IV Sykkylven	LQ 678 256	80
Emblem: Ystebøen	25.09.99, 07.10.99, 15.10.99	1219 IV Sykkylven	LQ 675 257	100
Emblemssanden	17.09.99	1219 IV Sykkylven	LQ 676 247	5
Flisnes	17.09.99	1219 IV Sykkylven	LQ 656 241	30
Gåseidnes	24.09.99	1219 IV Sykkylven	LQ 588 294	15
Littlekalvøya: Plassen	25.09.99, 05.10.99, 14.10.99	1219 IV Sykkylven	LQ 614 307	5
Littlekalvøya: Rema	25.09.99, 05.10.99, 14.10.99	1219 IV Sykkylven	LQ 613 309	5
Littlekalvøya: Reset	25.09.99	1219 IV Sykkylven	LQ 612 309	10
Littlekalvøya: Tua	25.09.99, 05.10.99	1219 IV Sykkylven	LQ 614 309	5
Magerholm: Akselhaugen	20.09.98, 17.09.99	1219 IV Sykkylven	LQ 704 247	30
Ratvikvatnet	24.09.98, 12.10.99	1219 IV Sykkylven	LQ 593 292	20
Vanberg	24.09.99, 03.10.99, 12.10.99	1219 IV Sykkylven	LQ 592 292	30
Reiakvam	19.09.99	1219 IV Sykkylven	LQ 660 297	90
Tørila: Gruen	24.09.99, 09.10.99	1219 IV Sykkylven	LQ 612 257	20
Tørila: Hanken I	18.09.99	1219 IV Sykkylven	LQ 617 253	20
Tørila: Hanken II	18.09.99	1219 IV Sykkylven	LQ 616 254	20
Tørila: Raudberget	03.10.99, 07.10.99, 18.10.99	1219 IV Sykkylven	LQ 618 252	5
Vasstrandgarden	18.09.99	1219 IV Sykkylven	LQ 697 293	30
Vestre Flisneset	17.09.99	1219 IV Sykkylven	LQ 654 240	35


Biologiske data

Lokalitetsoversikt med tal planteartar, soppartar, raudlisteartar og verdi

Lokalitetsnamn	Tal planter		Poeng/tal sopp				Tal raudlisteartar					Verdi	
	pl	npl	pbms	gms	bms	vs	E	V	R	DC	Σrl		
Borgund kyrkje	37	9	19	18	12	10		1			2	3	*
Eikenosa	50	10	4	4	4	4							*
Ellingsøya: Strømsvik	35	5	0	2	0	0							-
Ellingsøya: Myklebost	34	10	2	2	1	1							-
Ellingsøya: Taftasund	24	6	4	9	4	4							-
Ellingsøyfjorden: Vikholmen	41	12	13	16	10	8							*
Ellingsøyfjorden: Langøya	44	6	11	17	8	5			1			1	*
Emblem	51	16	16	15	11	9		1			1	2	** (B ₁)
Emblem: Ystebøen	74	20	69	31	28	20	1	3			6	10	*** (A ₁)
Emblemssanden	25	7	15	17	8	4		1				1	*
Flisnes	24	8	1	6	1	1							-
Gåseidnes	51	9	6	10	6	4							*
Litlekalvøya: Plassen	-	-	31	24	17	13		1	2	1	1	4	** (B ₁)
Litlekalvøya: Rema	-	-	26	18	12	9		2	1	1	1	4	** (B ₁)
Litlekalvøya: Tua	-	-	21	14	10	7		2				2	** (B ₁)
Litlekalvøya: alle lok.	38	9	42	33	20	16		3	2	2	2	7	** (B ₁)
Magerholm: Akselhaugen	35	12	34	31	21	13		1			5	6	** (B ₁)
Ratvikvatnet	43	17	64	30	29	17	2	3			4	9	*** (A ₁)
Vanberg	48	10	22	21	15	12			1	1	1	2	** (B ₁)
Reiakvam	62	15	4	7	3	1			1			1	*
Tørla: Gruen	51	15	13	14	9	8		1				1	*
Tørla: Hanken I	30	10	3	2	2	2							-
Tørla: Hanken II	17	8	9	10	5	5		1				1	*
Tørla: Raudberget	48	15	36	24	22	16		2			1	3	** (B ₁)
Vasstrandgarden	26	3	3	9	3	3							*
Vestre Flisneset	33	10	5	13	5	3							*

Tabell 4. Oppsummering av ein del biologiske data for dei undersøkte lokalitetane med verdivurdering. For lokalitetar som også er undersøkt tidlegare omfattar resultatata alt som er kjent frå lokaliteten, ikkje berre det som er funne i 1999. Lokalitetane er sorterte alfabetisk etter lokalitetsnamn. Litlekalvøya er presentert både samla og oppdelt. Forklaring på forkortingar:

pl	talet på planteartar totalt	Raudlista sopp: talet på soppartar i ulike raudlistekategoriar (Bendiksen m. fl.1998)
npl	talet på naturengplanter (sjå Jordal & Gaarder 1997)	E direkte truga artar
gms	totaltalet av soppartar i grasmark	V sårbare artar
bms	talet artar av beitemarkssopp (sjå Jordal & Gaarder 1998)	R sjeldne artar
pbms	talet på arts-poeng for beitemarkssopp (sjå Jordal & Gaarder 1998)	DC hensynskrevande artar
vs	talet på vokssoppartar	Σrl talet på raudlisteartar
		Verdi-vurdering:
		*** nasjonal verdi (svært viktig, A ₁ i DN-handboka)
		** regional verdi (viktig, B ₁ i DN-handboka)
		* lokal verdi
		- liten verdi



Figur 1. Dei to mest verdfulle lokalitetane i Ålesund sett i eit fylkesperspektiv, verdsettinga er basert på beitemarkssopp og naturengplanter. Talet på naturengplanter (npl) er plotta mot talet på artspoeng for beitemarkssopp (pbms) på dei mest verdfulle lokalitetane i Møre og Romsdal (undersøkt 1992-1998, Jordal & Gaarder 1998). Lokalitetar utanfor den grå bogen har potensielt nasjonal verdi. I tillegg til plasseringa på figuren må ein vurdere kunnskapsgrunlaget (er lokaliteten godt nok undersøkt?), storleiken, vegetasjonstypar, førekomst av sjeldne eller truga artar m.m.

Funn av raudlisteartar

Under feltarbeidet er det funne 24 raudlisteartar. Alle desse er sopp, og av dei igjen blir 22 rekna som beitemarkssopp (sjå innleiinga).

Tabell 5. Oversikt over funn av raudlisteartar på kulturmark i Ålesund. Gjenfunn er ikkje tatt med.

E direkte truga artar
 V sårbare artar
 R sjeldne artar
 DC hensynskrevande artar

Kategori	Latinsk namn	Norsk namn	Lokalitetsnamn	Dato
E	<i>Hygrocybe ovina</i>	Sauevokssopp	Emblem: Ystebøen	25.09.1999
E	<i>Hygrocybe ovina</i>	Sauevokssopp	Ratvikvatnet	24.09.1998
E	<i>Trichoglossum walteri</i>	Vranglodnetunge	Ratvikvatnet	24.09.1998
V	<i>Clavaria flavipes</i>	Halmgul køllesopp	Litlekalvøya: Plassen	14.10.1999
V	<i>Clavaria flavipes</i>	Halmgul køllesopp	Litlekalvøya: Rema	25.09.1999
V	<i>Clavaria flavipes</i>	Halmgul køllesopp	Litlekalvøya: Tua	05.10.1999
V	<i>Clavaria flavipes</i>	Halmgul køllesopp	Ratvikvatnet	24.09.1998
V?	<i>Hygrocybe calyptriformis</i>	"Rosavokssopp"	Litlekalvøya: Tua	25.09.1999
V	<i>Hygrocybe glutinipes</i>	Limvokssopp	Borgund kyrkje	30.09.1999
V	<i>Hygrocybe glutinipes</i>	Limvokssopp	Emblem	17.09.1999
V	<i>Hygrocybe glutinipes</i>	Limvokssopp	Emblem: Ystebøen	07.10.1999
V	<i>Hygrocybe glutinipes</i>	Limvokssopp	Litlekalvøya: Rema	25.09.1999
V	<i>Hygrocybe glutinipes</i>	Limvokssopp	Litlekalvøya: Reset	25.09.1999
V	<i>Hygrocybe glutinipes</i>	Limvokssopp	Litlekalvøya: Tua	25.09.1999
V	<i>Hygrocybe glutinipes</i>	Limvokssopp	Magerholm: Akselhaugen	17.09.1999
V	<i>Hygrocybe glutinipes</i>	Limvokssopp	Ratvikvatnet	12.10.1999
V	<i>Hygrocybe glutinipes</i>	Limvokssopp	Tørila: Gruen	24.09.1999
V	<i>Hygrocybe glutinipes</i>	Limvokssopp	Tørila: Hanken II	18.09.1999
V	<i>Hygrocybe glutinipes</i>	Limvokssopp	Tørila: Raudberget	03.10.1999
V	<i>Hygrocybe ingrata</i>	Raudnande lutvokssopp	Ratvikvatnet	24.09.1998
V	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	Raud honningvokssopp	Emblem: Ystebøen	15.10.1999
V	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	Raud honningvokssopp	Tørila: Raudberget	09.10.1999
V	<i>Hygrocybe vitellina</i>	Gul slimvokssopp	Emblemsanden	17.09.1999
V	<i>Porpoloma metapodium</i>	Grå narremusserong	Emblem: Ystebøen	25.09.1999
R	<i>Entoloma formosum</i>	Bronseraudskivesopp	Vanberg	24.09.1999
R	<i>Entoloma pratulense</i>		Langøya	25.09.1999
R	<i>Entoloma pratulense</i>		Litlekalvøya: Plassen	25.09.1999
R	<i>Entoloma pratulense</i>		Tørila: Raudberget	09.10.1999
R	<i>Entoloma versatile</i>	Oliven raudskivesopp	Litlekalvøya: Plassen	25.09.1999
R	<i>Entoloma versatile</i>	Oliven raudskivesopp	Litlekalvøya: Rema	14.10.1999
R	<i>Entoloma xanthochroum</i>		Reiakvam	19.09.1999
DC	<i>Cordyceps entomorrhiza</i>	Grå åmeklubbe	Borgund kyrkje	15.08.1994
DC	<i>Entoloma exile</i>		Emblem: Ystebøen	15.10.1999
DC	<i>Entoloma exile</i>		Magerholm: Akselhaugen	20.09.1998
DC	<i>Entoloma exile</i>		Ratvikvatnet	12.10.1999
DC	<i>Entoloma griseocyaneum</i>	Lillagrå raudskivesopp	Emblem: Ystebøen	25.09.1999
DC	<i>Geoglossum fallax</i>	Skjeljordtunge	Emblem: Ystebøen	15.10.1999
DC	<i>Geoglossum fallax</i>	Skjeljordtunge	Magerholm: Akselhaugen	20.09.1998
DC	<i>Geoglossum glutinosum</i>	Sleip jordtunge	Magerholm: Akselhaugen	20.09.1998
DC	<i>Hygrocybe flavipes</i>	Gulfotvokssopp	Emblem	09.10.1999
DC	<i>Hygrocybe flavipes</i>	Gulfotvokssopp	Emblem: Ystebøen	07.10.1999
DC	<i>Hygrocybe fornicata</i>	Musserongvokssopp	Emblem: Ystebøen	09.10.1999
DC	<i>Hygrocybe fornicata</i>	Musserongvokssopp	Magerholm: Akselhaugen	20.09.1998

Tabell 5 forts.

Kategori	Latinsk namn	Norsk namn	Lok-namn	Dato
DC	<i>Hygrocybe lacmus</i>	Skifervokssopp	Litlekalvøya: Plassen	14.10.1999
DC	<i>Hygrocybe persistens</i>	Spissvokssopp	Ratvikvatnet	24.09.1998
DC	<i>Hygrocybe persistens</i>	Spissvokssopp	Vanberg	12.10.1999
DC	<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>	Svartdogga vokssopp	Borgund kyrkje	13.10.1999
DC	<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>	Svartdogga vokssopp	Litlekalvøya: Rema	05.10.1999
DC	<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>	Svartdogga vokssopp	Magerholm: Akselhaugen	20.09.1998
DC	<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>	Svartdogga vokssopp	Ratvikvatnet	24.09.1998
DC	<i>Hygrocybe quieta</i>	Raudskivevokssopp	Emblem: Ystebøen	15.10.1999
DC	<i>Hygrocybe quieta</i>	Raudskivevokssopp	Ratvikvatnet	24.09.1998
DC	<i>Hygrocybe quieta</i>	Raudskivevokssopp	Tørila: Raudberget	18.10.1999

Etter at raudlista (Bendiksen m. fl. 1998) vart skreven er det kome til ein del ny kunnskap, særleg om einskilde artar. Dette tilseier at dei nye kategoriane i tabell 6 nedanfor vil gje eit meir korrekt bilete av dagens kunnskapsnivå for nokre artar.

Hygrocybe calyptiformis vart funnen på Litlekalvøya, og dette er første funnet i Norge. Arten er kjent frå mange land i Europa og er overalt sjeldan, men synes å vera mest utbreidd og minst sjeldan i Storbritannia. Arten er knytt til naturbeitemark, og sidan dette er ein sjeldan art knytt til ein naturtype i sterk tilbakegang, er sårbar ein naturleg kategori.

Tabell 6. Forslag til endring i kategoriar for nokre raudlisteartar nemnt i tabell 5 ovafor. Kategori er gjeldande status i dagens raudliste; ny er forslag til endra status. Desse blir aktuelle ved ein revisjon av raudlista (Bendiksen et al. 1997).

Latinsk namn	Norsk namn	Kategori no	Ny kategori
<i>Entoloma exile</i>		DC	-
<i>Hygrocybe calyptiformis</i>	"Rosavokssopp"	-	V
<i>Hygrocybe glutinipes</i>	Limvokssopp	V	-
<i>Hygrocybe ovina</i>	Sauevokssopp	E	V
<i>Trichoglossum walteri</i>	Vranglodnetunge	E	V

Desse endringane vil likevel i liten grad influera på verdsetting og prioritering i den føreliggjande rapporten.

Ansvarsartar funne på kulturmark i Ålesund

Ein norsk ansvarsart er ein art der Norge har ein vesentleg del av den europeiske bestanden eller av dei kjente funna. Desse er ikkje nødvendigvis raudlisteartar, og kategorien ansvarsart er eit supplement til raudlistene. Når det gjeld beitemarkssopp er det foreslått 19 norske ansvarsartar av Jordal (1997). Av desse er fleire funne i Ålesund. Kva artar dette gjeld er vist i tabell 7 nedanfor.

Tabell 7. Norske ansvarsartar av beitemarkssopp foreslått av Jordal (1997), som er funne i Ålesund.

Latinsk & norsk namn	Lokalitetar
<i>Hygrocybe flavipes</i> (gulfovokssopp)	Ystebøen; Emblem
<i>Hygrocybe ingrata</i> (raudnande lutvokssopp)	Ratvikvatnet
<i>Hygrocybe splendissima</i> (raud honningvokssopp)	Ystebøen; Tørila: Raudberget
<i>Hygrocybe vitellina</i> (gul slimvokssopp)	Emblemsanden
<i>Porpoloma metapodium</i> (grå narremusserong)	Ystebøen
<i>Trichoglossum walteri</i> (vranglodnetunge)	Ratvikvatnet

For planter er det definert av DN (1999b) kva som skal vera norske ansvarsartar. Slike er ikkje funne på kulturmark i Ålesund.

Nokre kommentarar til soppartar

Raudlista det er vist til, er Bendiksen m. fl. (1997). Denne er seinare tatt opp i den generelle raudlista til DN utan endringar (DN 1999b). Forekomst og utbreiing i fylket er teke frå Jordal & Gaarder (1998) og seinare upubliserte funn.

Sauevokssopp

Hygrocybe ovina

Sjeldan vokssopp-art, står som direkte truga i raudlista, men seinare kunnskap tyder på at ein meir korrekt status er sårbar (V). Funna ved Ratvikvatnet og Ystebøen (Emblem) var nr. 8 og 9 i fylket på 1990-talet. Svært god indikator på verdfull kulturmark med lang kontinuitet (Jordal 1997).

Vranglodnetunge

Trichoglossum walteri

Sjeldan jordtunge-art, står som direkte truga i raudlista, men seinare kunnskap tyder på at ein meir korrekt status er sårbar (V). Funn nr. 7 i fylket på 1990-talet. God indikator på verdfull kulturmark med lang kontinuitet (Jordal 1997).

Halmgul køllesopp

Clavaria flavipes

Sjeldan køllesopp-art, står som sårbar i raudlista. Totalt 7 lokalitetar i fylket på 1990-talet, funna på Litlekalvøya er dei individrikaste som er kjent i Norge til no, med 5-10 mycel og hundrevis av fruktlekamar. Elles funnen ved Ratvikvatnet. God indikator på verdfull kulturmark med lang kontinuitet (Jordal 1997).

"Rosavokssopp"

Hygrocybe calyptriformis

3 fruktlekamar vart funne på ein stad på Litlekalvøya (Tua) den 25. september 1999. Dette er såvidt ein veit det første funnet av denne arten i Norge. Han er rett nok oppgjeven frå Norge av Hansen & Knudsen (1992) og Boertmann (1995), men dette byggjer etter alt å døma på ein feil (David Boertmann på epost 12.10.99, Gro Gulden på epost 14.10.99). Arten er vidt utbreidd i Europa, men er sjeldan til svært sjeldan. Hyppigast er denne arten i Storbritannia. Ein naturleg status ved ein seinare revisjon av raudlista vil vera sårbar, sidan arten berre er kjent frå ein lokalitet, og sidan arten er knytt til ein naturtype i tilbakegang. Ein kunne også forsvara status direkte truga ut frå eksisterande kunnskap, men førebels er berre små deler av Norge skikkeleg undersøkte med omsyn på beitemarkssopp. Vi har foreslått det norske namnet rosavokssopp, sidan den rosa hatten er eit svært påfallande kjenneteikn, som gjer den ulik alle andre fagervokssoppar.

Limvokssopp

Hygrocybe glutinipes

Dette er ein vokssoppart som tidlegare er lite kjent i Norge (berre 5 funn beskreve i raudlista). Han kan forvekslast med små eksemplar av den vanlege gule vokssoppen (*Hygrocybe chlorophana*), men eksplosjonen i talet på funn i Møre og Romsdal i 1999 har nok samband med den varme sommaren og hausten. Limvokssopp er ein sørleg art, og slike artar har ein tendens til liggja skjult i jorda til den kjem ein varm sesong som gjev dei overskott til å fruktifisera. Arten vart funnen på 11 lokalitetar i Ålesund, og er no totalt kjent frå meir enn 30 lokalitetar i Møre og Romsdal. Med denne nye kunnskapen er det sannsynleg at arten blir tatt heilt ut av raudlista ved neste revisjon, der han no står som sårbar ut frå kunnskapsnivået i 1996.

Raudnande lutvokssopp

Hygrocybe ingrata

Denne vokssopparten er kjent frå 19 lokalitetar i fylket, av desse ein i Ålesund (Ratvikvatnet i 1998). Han står som sårbar på raudlista. Dette er ein norsk ansvarsart (tabell 7).

Raud honningvokssopp***Hygrocybe splendidissima***

Dette synest å vera ein art med kystnær utbreiing både i Norge og Europa. Han er kjent frå rundt 30 lokalitetar i fylket, av desse to i Ålesund (Emblem: Ystebøen; Tørla: Raudberget). Han står som sårbar på raudlista, men kan bli nedgradert ved neste revisjon av lista. Dette er ein norsk ansvarsart (tabell 7).

Gul slimvokssopp***Hygrocybe vitellina***

Denne arten er i Norge til no berre funnen på den ytste kyststripa i Møre og Romsdal, med 17 lokalitetar, av desse ein i Ålesund (Emblemsanden, i kanten mellom plen og heivegetasjon). Han står som sårbar på raudlista. Dette er ein norsk ansvarsart (tabell 7). Han er elles berre kjent frå Danmark, Sverige, Nederland og Storbritannia.

Grå narremusserong***Porpoloma metapodium***

Sjeldan art, står som sårbar i raudlista. Funnet på Ystebøen var nr. 12 i fylket på 1990-talet. Svært god indikator på verdfull kulturmark med lang kontinuitet (Jordal 1997).

Oliven raudskivesopp***Entoloma versatile***

Dette er ingen beitemarkssopp, men ein raudskivesopp med ein noko vidare økologi (vegkantar, lauvskog m.m.). På grunn av få funn i Norge (to funn i Mjøsområdet oppført ved sopphebariet i Oslo sin database på Internett: <http://www.toyen.uio.no/botanisk/botmus/sopp/soppdb.htm> den 26.10.99), er arten oppført som sjeldan (R) i raudlista. Han vart funnen to stader på Litlekalvøya i 1999 (Plassen og Rema), og dette er dei første funna i Møre og Romsdal.

OMTALE AV PRIORITERTE LOKALITETAR

Først er dei to lokalitetane som er gitt nasjonal verdi presenterte. Deretter kjem dei som har fått regional verdi. Lokalitetane er elles sorterte alfabetisk etter lokalitetsnamn. Lokalitetane er inneikna på økonomisk kart i målestokk 1:20000 som er overlata til kommunen.

Emblem: Ystebøen

Kategori: A₁ (svært viktig); eller nasjonal verdi (***)

Naturtype: Kulturlandskap: slåtteenger, naturbeitemark, hagemark. Skog: rik edellauvskog

Områdeskildring, vegetasjon: Lokaliteten er eit gardsbruk i slakk sørhelling lengst vest på Emblem. I nord og vest grensar innmarka mot skogen, i aust og sør mot anna innmark. Bruket er ikkje gjødsla etter ca. 1975, men blir framleis slått. I seinare tid har det vore storfe på bruket, men ein planlegg no å slutta. Innmarka har både fulldyrka og overflatedyrka parti. Mest interessant for det biologiske mangfaldet er overflatedyrka parti på haugar og knausar, og kantområde, men også den fulldyrka marka er artsrik pga lite gjødsling dei siste tiåra, kombinert med god hevd. Lokaliteten inneheld ein del gulaks/engkvein-eng, men og ein del parti dominert av finnskjegg, somme tørre stader er det mykje hårsvæve, kystgrisøyre, smalkjempe og tiriltunge. I bakkane finst somme stader noko firkantperikum, som er vanskeleg å tukte sjølv om ein slår han årleg. Denne arten bør ikkje bli for dominerande, men har lett for å ta overhand. Vest for bruket er det fin beita hagemarkskog med hassel og andre lauvtre. Her finst fleire sjeldne planter (sjå nedanfor).

Kommentarar til funn: Det vart funne heile 20 naturengplanter, mest av alle lokalitetane i Ålesund. Det er registrert 29 lokalitetar i heile fylket med fleire artar enn dette. Slåtteengene har mange planter med ein grunnstilt rosett, slik som harerug, prestekrage, aurikkelsvæve, blåknapp, smalkjempe, aurikkelsvæve, hårsvæve, blåkoll, raudknapp, kystgrisøyre og gjeldkarve. Slike artar er særleg tilpassa lite gjødsla slåtteenger. Andre interessante artar var vill-lin, jordnøtt og knegras. Dette var einaste lokaliteten med vill-lin i denne undersøkinga, ein art som indikerer baserikt jordsmonn og god hevd. I hagemarkskogen vart det funne fuglereir, som er ein sjeldan orkidé, vidare vårmarihand, breiflangre og sanikel.

Det vart funne 28 beitemarkssopp, av desse 20 vokssoppartar. Dette gjev 69 artspoeng for beitemarkssopp (sjå figur 1). Av særleg interessante artar må nemnast grå narremusserong (*Porpoloma metapodium*) og sauevokssopp (*Hygrocybe ovina*), som begge er blant dei beste indikatorane på verdfulle lokalitetar med lang kontinuitet. Vidare er det funne lillagrå raudskivesopp (*Entoloma griseocyaneum*), *Entoloma exile*, limvokssopp (*Hygrocybe glutinipes*), gulfotvokssopp (*Hygrocybe flavipes*), musserongvokssopp (*Hygrocybe fornicata*), raudskivevokssopp (*Hygrocybe quieta*), raud honningvokssopp (*Hygrocybe splendidissima*) og skjeljordtunge (*Geoglossum fallax*), alle raudlisteartar. Elles vart det funne bleik engvokssopp (*Hygrocybe pratensis* var. *pallida*), som og er sjeldan.

Råd om framtidig bruk: Det er viktig at denne lokaliteten framleis blir skjøtta på ein måte som liknar den tradisjonelle bruken. Det er den bruken som har vore fram til no som forklarar det store talet på beitemarkssopp, og som forklarar forekomsten av ein del sjeldne slike artar. Det viktigaste er at graset blir hausta og ført bort. Det beste ville vera slått ein gong i året, helst relativt seint på sommaren, og noko etterbeiting av sau eller ungdyr. Ettersom dyrehaldet på bruket no synest å opphøyra, bør ein i alle høve få ein avtale med grunneigaren om årleg slått og fjerning av graset. Det er naturleg at kommunen og/eller Fylkesmannen bidrar økonomisk til dette. Dersom det er muleg å få til etterbeiting, er dette ønskjeleg. Området må ikkje gjødslast eller utsettast for jordarbeiding på dei artsrike stadene.

Ratvikvatnet

Kategori: A₁ (svært viktig); eller nasjonal verdi (*)**

Naturtype: Kulturlandskap: slåtteeng

Områdeskildring, vegetasjon: Dette er ein relativt tørr bakke som framleis blir slått og som heller slakt ned mot Lerstadvegen i sør. Lokaliteten grensar til en stor kristtornhage og einskilde store tre i nord og vest. Ved vegen er det eit fuktig søkk med mykje lyssiv og knappsiv. Vegetasjonen er moserik og middels artsrik med m. a. ein del gulaks og smalkjempe.

Kommentarar til funn: Det vart funne 17 naturengplanter. Av plantefunna er det grunn til å nemna markfrytle, ei kystplante som i dag ikkje er særleg vanleg. Elles finst blåklokke, hårsvæve, jonsokkoll, jordnøtt, knegras, kvitmaure, kystgrisøyre og prestekrage. Soppfloraen var svært interessant. Det vart funne 28 beitemarkssopp, av desse 17 vokssoppartar. Dette gjev 62 artspoeng for beitemarkssopp (sjå figur 1). Her er det særleg verd nemna sauevokssopp (*Hygrocybe ovina*) og vranglodnetunge (*Trichoglossum walteri*) (begge direkte truga, sjå artskommentarar tidlegare). Vidare er det grunn til å trekkja fram halmgul køllesopp (*Clavaria flavipes*) (sårbar), limvokssopp (*Hygrocybe glutinipes*) (sårbar), raudnande lutvokssopp (*Hygrocybe ingrata*) (sårbar), raudskivevokssopp (*Hygrocybe quieta*) (hensynskrevande), svartdogga vokssopp (*Hygrocybe phaeococcinea*) (hensynskrevande). Den store samlinga av raudlisteartar tyder på at dette er ein svært gammel lokalitet med lang kontinuitet.

Råd om framtidig bruk: Det er viktig for det biologiske mangfaldet at lokaliteten i framtida blir skjøtta på ein måte som liknar den bruken som har vore i seinare tid, og at området ikkje blir bygd ned. Det er den bruken som har vore fram til no som forklarar det store talet på beitemarkssopp, og som forklarar forekomsten av ein del sjeldne slike artar. Det viktigaste er at graset blir hausta og ført bort. Kommunen bør syta for å få ein avtale med grunneigaren om årleg slått og fjerning av graset. Det er naturleg at kommunen og/eller Fylkesmannen bidrar økonomisk til dette. Området må ikkje gjødslast eller utsettast for jordarbeiding.

Emblem

Kategori: B₁ (viktig); eller regional verdi ()**

Naturtype: Kulturlandskap: slåtteenger, naturbeitemark

Områdeskildring, vegetasjon: På garden Emblem (eigar: Leon Emblem) har det vore ungdyr til for 5-6 år sidan. Her er både fulldyrka og overflatedyrka mark som framleis blir slått. Her har ikkje vore gjødsling på mange år. Vegetasjon, flora og soppflora var mest artsrik i kantane, men også på fulldyrka mark er det relativt artsrikt på grunn av lite gjødsling i seinare tid. Enga er rik på engkransmose med ein god del smalkjempe og prestekrage. Elles er vegetasjonen dels å rekna som engkvein/gulaks-eng.

Kommentarar til funn: Det vart funne 16 naturengplanter. Kystgrisøyre var stadvis talrik. Også andre slåttetilpassa rosettplanter var vanlege, som smalkjempe, hårsvæve, aurikkelsvæve, følblom, blåknapp, prestekrage, gjeldkarve og raudknapp. Det vart også funne dikesvineblom og jordnøtt. Det vart funne 11 beitemarkssopp, av desse 9 vokssoppartar. Dette gjev 16 artspoeng for beitemarkssopp. Dei mest interessante var gulføtvokssopp (*Hygrocybe flavipes*) og limvokssopp (*Hygrocybe glutinipes*).

Råd om framtidig bruk: Det er ønskjeleg at lokaliteten i framtida blir skjøtta på ein måte som liknar den tradisjonelle bruken. Det viktigaste er at graset blir hausta og ført bort. Dersom det er muleg å få til etterbeiting, er dette også ønskjeleg. Lokaliteten bør ikkje gjødslast eller utsettast for jordarbeiding.

Litlekalvøya: Plassen, Rema, Tua m. m.

Kategori: B₁ (viktig); eller regional verdi (**)

Naturtype: Kulturlandskap: slåtteenger, naturbeitemark

Områdeskildring, vegetasjon: Det ligg 7 gardsbruk på øya, 6 av desse er fråflytta. M. a. beiter 11 villsau på øya. Det meste av innmarka er fulldyrka eller overflatedyrka. Dei fleste bruka blir framleis slått, medan noko gror att med strandrøyr og sølvbunkeeng. Fleire av gardsbruka har vore slått utan å ha vore gjødsla i over 30 år. Dei stadene som var mest interessante med omsyn på naturengplanter og beitemarkssopp, var Tua, Rema og Plassen. Sjølv i tidlegare fulldyrka eng er det no utvikla ein moserik vegetasjon med slått-tilpassa planter som smalkjempe, gulaks, følblom og kvitkløver. Vegetasjonen vekslar mellom engkvein-gulaks-eng og sølvbunkeeng, og med innslag av andre typar avhengig driftshistoria. I kantområde fanst meir heiprega vegetasjon med tepperot, bjønnekam og blåknapp.

